



Tilleggsinnkalling Kommunestyret

Møtedato: 22.06.2016
Møtested: Kjelstraumen Vertshus
Møtetid: 12:00

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

Saksliste

Saknr	Tittel
077/16	Bruken av ekstraordinære budsjettmidlar til kommunen

Dato, 20.06.2016

Per Lerøy
ordfører

Jan Olav Osen
rådmann

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
077/16	Kommunestyret	PS	22.06.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE - 150	16/681

Bruken av ekstraordinære budsjettmidlar til kommunen

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre set av dei ekstra budsjettmidlane til styrking av vedlikehald på Kaland skule. Rådmannen får mynde til å nytta løyvinga til kjøp av tenester eller å ta inn personell på tiltak etter ei konkret vurdering av behova i prosjektet. I bruken vektlegg ein det overordna kriteriene for bruken av pengane.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

I samband med revidert nasjonalbudsjett, vart det vedtatt å auka overføring til kommunane for å styrka sysselsetjinga på Sør- og Vestlandet. Austrheim kommune fekk 814 000 kr av desse midlane. Pengane må nyttast i 2016.

Vurdering

I omtalen i første framlegget frå Regjeringa er mellom anna dette sagt:

Regjeringen foreslår nå nye tiltak mot ledighet på over 900 mill. kroner. Hovedtyngden av tiltakene er rettet mot bygg- og anleggsbransjen, samt verfts- og leverandørnæringen, på Sør- og Vestlandet. De største tiltakene gjelder tilskudd til vedlikehold i kommunene, vedlikehold og investeringer i veg og jernbane, tilskudd til grønn skipsfart, vedlikehold av sykehusbygg, Demo 2000 og flere tiltaksplasser. Tiltakene er midlertidige og innrettet slik at de både skal kunne settes raskt i gang og reverseres.

I den politiske prosessen rundt Stortinget si handsaming, har budsjettposten blitt styrka, slik at talet for Austrheim er 814 000 kr. Midlane er rekna ut etter tal på arbeidsledige i kommunane.

Økonomi

Austrheim har i 2016 ein del vedlikehaldsoppgåver på budsjettet:

1. Rehabilitering av Kaland skule 4,5 mill kr.
2. Vedlikehald Årås skule 0,5 mill kr.
3. Generell byggutbetring 0,5 mill kr.
4. VVA-utbygging 1,5 mill kr.
5. Trafikksikring Kaland skule, først må planarbeidet gjerast. 0,5 mill kr.
6. Oppgradering av kaiar 0,5 mill. I tillegg står det ubrukte lånemidlar på 1,3 mill kr. på dette tiltaket.

I tillegg ligg fylgjande inne som tiltak som ikkje er vedtatt sett i gang

7. Universiell veg til Vardetangen
8. Veg til Furuly

I samband med oppstart av arbeidet med Kaland skule, er det teikna rammeavtalar med firma for levering av materiell og byggtkniske tenester. Desse avtalane kan nyttast for heile kommunen. Kjøp av tenester innan vedlikehald er tiltak som kjem inn under kriteriene for løyvingane. Dersom kommunen trekkjer inn personell som vedlikehaldspersonell i samarbeid med Nav, kjem også det inn under kriteriene for bruken av midlane. Føremålet med løyvingane er å raskt kunna setja tiltak i gang som styrkar sysselsetjinga. Det er derfor viktig at rådmannen får fullmakt til å nytta midlane raskt etter konkrete vurderingar for dei behova som er i prosjektet

Konklusjon

Rådmannen ynskjer at dei ekstra midlane vert nytta til styrking av vedlikehald på Kaland skule. Rådmannen får mynde til å nytta løyvinga til kjøp av tenester eller å ta inn personell på tiltak etter ei konkret vurdering av behova i prosjektet. I bruken vektlegg ein det overordna kriteriene for bruken av pengane.